



<http://www.luster.kommune.no/getfile.php/2021369.1686.ecdepcfacv/PALS-brosjyre+-heimeside.pdf>Hafslo barne og ungdomsskule

Referat frå møte i Samarbeidsutvalet/skulemiljøutvalet 24.10.22.

Til stades: Beate Bondevik Lie (politisk vald), Øyvind Oksnes (FAU), Anne Therese Moen (FAU), Charlotte Orrestad (elevrådsrepr.), Ivar Garpestad (lærartilsett), Sonja Rutledal (lærartilsett), Elin Anette Hillestad (andre tilsette) og Hilde Holte Selland (rektor).

Forfall: Monika Reime (FAU), Nikolai Solheim (elevrådsrepr.),

Sak 1 - 2022/23: Velkommen som SU/SMU-medlem

-Presentasjonsrunde

Sak 2 - 2022/23: Konstituering

Leiar: Beate Bondevik Lie

Nestleiar: Øyvind Oksnes

Sekretær: Hilde Holte Selland

Sak 3 – 2022/23: Utkast til møteplan

- 24. okt. 2022, 7. februar 2023, 30. mai 2023

Vedtak: Viss det oppstår behov for å flytte eller ha fleire møter er det høve til å kalle inn digitalt eller fysisk.

Sak 4 - 2022/23: Skuleåret 2022/23

- Handlingsplan for trygt og godt skulemiljø. Redigere inn FAU på årshjulet nov. og endre stillingstittel til helsesjukepleiar. Planen er godkjent og blir lagt ut på heimesida til skulen.
- Godkjenning av ordensreglementet. Elevrådet har ikkje fått uttalt seg enno. Vedtak blir gjort på SU møte i feb. Endringar bør merkast med farge.
- Godkjenning av mobilreglementet. Elevrådet har ikkje fått uttalt seg enno. Vedtak blir gjort på SU møte i feb. Endringar bør merkast med farge.
- Organisasjonskart – til orientering. Blir lagt på heimesida til skulen.
- Utviklingsplan – til orientering. Blir lagt på heimesida til skulen.

Sak 5 – 2022/23: Trafikktryggleik – Hjartesone

FAU og skule orienterte frå synfaringa 5. okt. 2022 med Trygg Trafikk og teknisk drift. Området rundt skulen og barnehagen blir Hjartesone og det blir markert med eigne skilt. Droppsone er på plassen ved Hafslo barnehage. Skule og barnehage sender ut gjennom Visma, informasjon og bilete over området med illustrasjon om parkering og droppsone, når skilta er på plass.

Vedtak: Alle er einige og vil ha Hjartesone rundt skule og barnehage.

Sak 6 – 2022/23: Statusrapport frå elevråd og FAU

Elevrådet informerte om prøveperiode på ungdomsskulen om å bruke tyggis på skulen. Reinhold og dei vaksne på ungdomsskulen har gitt løyve til å prøve. Prøveperioden blir ein månad, nov., så evaluerer me. I veke 47 er det Palsveke. Det er starta ungdomsklubb på Heggmyrane.

FAU informerte om årsmøte og protokollen. Vurderer å flytte årsmøte til våren, før skuleåret er ferdig for å gjere vala slik at ein er klar og registrert før nytt skuleår startar. Det er utarbeida eit årshjul for FAU og klassekontaktar.



<http://www.luster.kommune.no/getfile.php/2021369.1686.ecdepfcav/PALS-brosjyre+-heimeside.pdf>**Hafslo barne og ungdomsskule**

Politikontakten var på førre FAU og orienterte om foreldrenettverk. FAU leiar har teke kontakt med FUG om føredragspakke vinteren 2023. Ynskje om «Nøttefri skule» er vanskeleg å realisere. Men informasjonen om nøtteallergi og hensynet alle bør ta er framleis rutinar på vår skule. Det blir to julefestar i år. Småskulen, 1.-4. kl. 6. des. og mellomtrinnet, 5.-7.kl. 13. des.

Sak 7 – 2022/23: Orienteringssaker

- Periode 2 med studentar er no. Det er to grupper med GLU1 studentar og ei gruppe PPUA studentar.
- Elevundersøking 2022 opnar 8. nov. og varer til 20. des.
- Skulen har starta med fellessamlingar igjen. Veldig kjekt!

Sak 8 - 2022/23: Ymse

-Ingen innmeldte saker.

Hafslo, 27.10.22
Ref. Hilde